

---

**Fra:** Postmottak Lindås  
**Sendt:** 20. juli 2015 07:56  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Merknad til reguleringsplan for Apalen sør, gbnr 202/1 m.fl.

---

---

From: [tove.heggernes@hotmail.com](mailto:tove.heggernes@hotmail.com)

To: [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

Subject: Plan- og miljøutvalget. Kunngjering eigengodkjent reguleringsplan for Apalen sør, gbnr 202/1 m.fl. PlanID 1263-200809.

Date: Sun, 19 Jul 2015 15:20:42 +0200

**Plan- og miljøutvalget,  
v/sakshandsamar Trude Langedal.**

**Viser til brev frå Dykk datert 24.06.2015.**

**Underteikna vil presisere at der er gjort endring i høve plassering av einebustader etter at reguleringsplanen vart lagt ut til høyring.**

**Då reguleringsplanen vart lagt ut til høyring var der ikkje teikna inn bustader under høgspintlina. Slik det ser ut på kart og teikning no, er der planlagt einebustad på denne tomten. Dersom denne vert plassert slik den er teikna inn i dag, kjem den til å liggje rett under høgspintlina, noko som er lite truleg i praksis, ettersom det vil påføre utbyggjar ekstra kostnader. Vert einebustaden flytta meir mot sør, vil den truleg i høve kart og teikning, kome så høgt i terrenget at gbnr. 202/135, frå 1.plan, vil miste alt utsyn mot aust. Dette vil få svært negative følgjer for underteikna av di eg hovedsakleg nyttar 1.plan.**

**Eg forventer med dette at både eksisterande utsyn og innsyn for gbnr.202/135, vert godt ivareteke, når ei eventuell byggjesak skal handsamast.**

**Mvh. Tove Heggernes,  
mobil: 45606220.**